

Nordvestpassasjen



Ei moderne ferd i eit polarhistorisk landskap. Del 3

Det ser ut som gudane har kasta stein. Eg har klatra opp på ei iskoss. Eg ser og ser, men kan ikkje sjå korleis me skal kome gjennom desse enorme ismassane.

Sola skin og vinden har løya. Det ligg eit lett lag med nysnø over skruisen. Motiv for ein målar, ingen tvil om det, med dei uendelege isformasjonane. Det er fasinerande å tenkje på at noko av denne isen har reist over store delar av den nordlege kloden vår før han seig inn her mellom Victoriaøya og Kong William Land. I sumar og haust flaut han med straumen i sundet her, før han fraus fast – og ligg no livlaus og kald og ventar på at varmen igjen skal sende han ut på tur. Kanskje overlever han endå ein sumar før han blir til sjøvatn.

Det kan vere så vakkert det vil, men me er ikkje så opptekne av venleiken i desse omgjevnadene akkurat no. Heller ikkje i vandrings og livssyklusen til isen. Me er mest fortvila for at me har rota oss inn i eit område som er lita eigna for skilauving. For ikkje å seie skisegling.

Me har altså to pulkar kvar, montert attmed kvarandre som ein katamaran. Det har me gjort for at dei ikkje skal velte når me seglar i stor fart. Her i skruisen er dette fartøyet heilt ubrukeleg, for å seie det forsiktig, og me heng difor pulkane etter kvarandre. Men det er heller inga enkel sak å dra ein slik slange gjennom den uframkomelege isen. Me innser raskt at det enklaste er å gå fram med den eine pulken og attende for å hente den neste. I fylgje enkel matematikk blir turen då tre gonger så lang. Men alternativa er få.

«Isen blev værre og værre. Igår bragte den mig næsten på fortvilelsens rand». Eg siterer Nansen frå hans ferd mot Nordpolen i 1895. Han og Johansen speida og speida etter slett is; då hadde alt gått så lett, då kunne hundane ha trekt dei tunge sledane uforstyrtra nordover. I skruisen, derimot, er det ingenting som er lett. Pulkanen heng fast og må løftast. Nysnøen

skjuler hòl og sprekkar som me stadig trør ned i. Stadig klatrar ein av oss opp på høge iskoss for å sjå om det finst betre alternativ. Av og til finn me slettare område. Det gjev snev av optimisme – som forsvinn like raskt som vegen igjen blir sperra av uframkomeleg is. Eg skjønner kva som ligg i «fortvilelsens rand».

DRAMAET I POLARISEN

Samstundes er det viktig å ikkje miste perspektiva; me har lite å klage over jamført med somme av dei som har vore her før oss.

I 1848 hadde det britiske Admiralitetet vorte såpass uroa for kva som hadde hendt med Franklin og mennene hans, at dei sende ut folk for å leite. Dei neste åra segla i alt 40 statleg-britiske, private og internasjonale ekspedisjonar nordover, og Admiralitetet heldt fram leitinga til mars 1854. Då vart Franklin og mannskapet offisielt erklært for døde.

Men trass i denne erklæringa, var det ingen som sikkert kunne fortelje kva som hadde skjedd. Dette var kjerringa til Franklin såpass misnøgd med, at ho personleg betalte for nye leiteekspedisjonar. Den velståande Lady Franklin ville vite korleis ei gruppe med så, etter hennar meining, framifrå menn kunne mislykkast i dei arktiske farvatna.

Leitinga gav ein heil del prov, men langt ifrå alt vart kjent i den viktorianske samtida. Snarare vart det teikna eit bilete av tapre karar som hadde kjempa mot isen og kulda i dei nådelause omgjevnadene. Og interessa for dramaet i isen var upåklageleg. På midten av 1800-talet hadde den aukande europeiske middelklassa vorte så kjøpsterk og boktrykkinga såpass rimeleg at ein hadde fått ein veksande lesemarknad. Forteljingane frå dei mange leiteekspedisjonane vart bestseljarar – og skipa grunnlaget for den moderne fascinasjo-



William St. Thomas Smiths oljemålarstykke frå 1895 av Franklins døydne menn: «They forged the last links with their lives».

nen for polarområda. Interesse for Nordvestpassasjen vart mykje større enn nokon hadde førestilt seg då Franklin la frå kai i 1845, og han varte med full kraft fram til britane fekk andre lidingar å tenkje på då Krimkrigen rulla inn i nyhendebilete på midten av 1850-talet. Samstundes, og det er eit viktig poeng, alle leiteekspedisjonane etter dei to sakna krigsskipa «Terror» og «Erebus» resulterte i at det canadiske øyriket for alvor vart kartlagt.

I dag veit me mykje meir om lagnaden til dei som kjempa seg sørover gjennom isen for 169 år sidan. Me veit at dei ikkje var førebudde på ei slik ferd. Dei hadde korkje røynsle eller utstyr som fungerte. Til dømes drog dei på ein fleire hundre kilo tung slede i eik og stål, laga i Manchester. Oppå denne låg ein båt, som då han vart funnen hadde ein heil del utstyr om bord som strengt tatt ikkje var naudsynt i Arktis: Til dømes sølvtøy, tekoppar i porselen, tøflar med raude silkeband, fingerhanskar i skinn og ein sixpence frå 1831.

Sjølv om nestkommanderande Francis Crozier, som etter Franklins død vart leiari for den stadig mindre gruppa av levande menn, hadde vore i Antarktis, hadde han ikkje knowhowen som skulle til for å få

sine menn heim. Og kanskje var det arrogansen som felte han. Han hadde reist frå England med utsikter til ein strålende karriere. Han hadde klokkartru på sin eigen kultur og den tekniske utrustinga til den britiske marinen. Han såg ikkje, og evna ikkje å sjå, at utanfor dei to krigsskipa levde folk som meistra den røffe naturen. Dei budde i snøhytter, dei jakta og fiska, dei reiste med hund og i kajakk, dei fødte barn og levde eit familieliv. Men ein Crozier, med den kulturelle ballasten sin, ville aldri nedverdige seg sjølv til å undersøkje korleis desse, i hans auga, primitive folka klarte seg, her i deira eige land. Ikkje før han verkeleg måtte. Det finst vitnesbyrd om ein desperat Crozier på sørkysten av Kong William Land, saman med om lag 40 avmagra menn, tryglende om hjelp frå ein inuittfamilie. Britane fekk selkjøt, men neste morgon var inuittane borte. Dei hadde meir enn nok med å halde eigen familie i live. Dei kunne ikkje klare å brødfø 40 menn ekstra.

I dag veit me også at Franklins menn vart kannibalar. Ingen veit heilt når dei starta å ete kvarandre eller korleis det gjekk føre seg. Om dei drap for å få kjøt; om dei valde ut dei svakaste eller om dei åt dei som alt hadde mista livet. Men funn av beinrestar

I dag veit me også at Franklins menn vart kannibalar. Ingen veit heilt når dei starta å ete kvarandre eller korleis det gjekk føre seg.



Foto: Vegard Ulvang



Vegard Ulvang ventar i spaning på at bloggen skal bli ferdig. Foto: Jan Fasting

taler sitt tydelege språk. Det same gjør vitneprov frå inuittar som møtte desperate kvite menn. Og alt tyder på at mange menn enda som føde for kameratane sine. Ikkje berre ein eller to, men dagens historikarar snakkar om førti eller femti.

MAN HAULING

Me har nok mat. Nesten for mykje, synst eg, her me dreg tunge pulkar gjennom tettare og tettare is. «Dette er ekte *man hau-*

ling», kjem det frå Vegard, «dette hadde me fått poeng for i England». Me går på føtene. Skifellane har me altså brukt til å lappe pulkane med. «Dette er så dumt at me ikkje må preike om det når me kjem heim», fortset skilauparen. Han er openbert ukomfortabel med å gå på snø utan ski. *Man hauling* er eit omgrep me ikkje har på norsk, slår det meg. Eit omgrep som understrekar slitet i å trekkje si eiga last – utan hjelp frå nokon andre, til dømes

bikkjer. I framstillinga av Scott-Amundsen-kappløpet i Antarktis har dette vore eit poeng hjå britane. Amundsen kom først til Sørpolen, men Scott sleit heroisk. Eg kjenner at eg er særst lite interessert i slik form for heltemot nett no. For oss tre ute i Victoriastredet er det ikkje knytt mykje ære i å dra tunge pulkar. Me er på segltur og ynskjer berre å kome ut av denne forbanna isbaksen slik at me igjen kan suse over dei arktiske viddene. For oss er den elegante seglinga mykje meir å skrive heim om – om me fyrst skal snakke om slikt. Og, ikkje minst, det er ein langt meir komfortabel måte å reise på.

Etter to lange dagar i skruisen er det stopp. Bom stopp! Jan klatrar opp på den høgste iskossen i nærleiken, og eg kan sjå på kroppshaldninga hans at det ikkje er gode nyhende han kjem attende med. Me slår opp teltet, finn fram iskartet og diskuterer alternativa. Så ringjer me politiet i Cambridge Bay for å høyre om dei har noko oppdatert informasjon om istilhøva. Samtalen er nedslåande. Dei hadde snakka med isbjørnforskarar som nett hadde flogge helikopter i området. Isen blir visstnok berre verre og verre jo lenger aust me kjem, er meldinga. Sheriffen er klokkeklar: Kom attende til Cambridge Bay!

Det vart stille i Victoriastredet. Veldig stille. Eg trur nesten eg høyrer ein bjørn som trekkjer pusten på yttersida av teltduken. Eg nektar å godta dette svaret som endeleg. Kva visste eigentleg det lokale politiet om skruis? Kunne det vere så spesielle tilhøve i år? Og verre lenger aust-

over? Isen måtte vel flate ut når me kom ut av sundet og inn bak Royal Geographical Society Island? Og snu!!? Snart skulle det blåse igjen, i følgje meteorologane, frå vest. Då måtte me gå attende i motvind. Eg søv dårleg den natta.

Neste morgon ringjer eg Harvey Goodwin på Norsk Polarinstitutt. Han sit med dei siste oppdaterte satellittbileta over polarisen. Ein time seinare tikkar ei melding inn frå Noreg: «Gå vestover i om lag fire kilometer. Deretter nordover. Så går dette bra.» Det er vanskeleg å gi att kor lett det var å rive leir denne morgonen.

10 timar seinare kjem neste jubelbrøl. Eg står på toppen av ein ishaug og ser flat is så langt kikkerten rekk. Endeleg! Endeleg er me igjennom. Me har slite som dyr. På desse timane hadde me berre kome 3,5 kilometer i luftline. Det hadde vore ein dag full av ned- og oppturar. Det som det eine minuttet såg lovande ut, såg rundt neste sving heilt håplaus ut. Og heile kjensleregisteret hadde vore i sving. Frå saftige finnmarksglosar som ikkje gjer seg på trykk – til vaksne, sveitte og skjeggete menn som klemmer kvarandre i gledesrus over å ha funne vegen ut av islabyrinten.

Jan skjenkjer i drammeglasa før me slår opp teltet. Den låge kveldssola smiler mot oss. Skål for Harvey og iskarta hans: Norsk Polarinstitutt vs. Sheriffen i Cambridge Bay 1-0!

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar og forskar ved Norsk Polarinstitutt og fast skribent Dag og Tid.